

**Rapport JERNROSA Politisk Litteraturfestival 2017.**

Pilotprosjektet **JERNROSA Politisk Litteraturfestival** vart arrangert for første gong i Odda 29.-30.4.2016. Målsettinga var å arrangera ein festival for meiningsberande standpunktlitteratur og å gjera festivalen til ein arena for å synleggjera, fremma og levandegjera ikkje-kommersiell meiningslitteratur av høg kunstnarleg kvalitet. Festivalen ønska vidare å styrka breidda og mangfaldet i norsk litteraturformidling og løfta fram forfattarskap som får liten plass i norsk litterær offentlegheit. Eit vidare siktemål med festivalen var å vera eit alternativ til ein bestseljarorientert og ferskvareorientert litteraturmarknad, og å presentera og samtala om viktige og gode bøker uavhengig av når dei vart publiserte.

**JERNROSA Politisk Litteraturfestival** art arrangert for andre gong i Odda 28. – 30.4.2017.

I løpet av desse tre dagane i april vart det gjennomført 15 arrangement. 9 reint litterære arrangement, eit konsertarrangement, eit kulturhistorisk arrangement og fire hovudsakleg litterære arrangement med musikalske innslag. Det siste også med urpremiere på litteraturfilmen *ISBERG*, prdusert av Magnus Hisdal. Dei litterære arrangementa var hovudsakleg bygd opp som litterære samtaler omkring utvalde tekstar, koplå saman med framføring av tekstutdrag. Debutantarrangementet var eit rent opplesingsarrangement. Eitt av dei litterære arrangementa var ei vandring rundt i det nedlagde Odda Smelteverk med historieformidling, *on the site readings* av poesi skriven om det nedlagde verket, samt musikalske innslag. Festivalen hadde også urpremiere på lydproduksjonen *Alle har så mye* av Kari Saanum.

Det største arrangementet i løpet av festivalen var JERNROSA FESTKVELD laurdag 29.4 med fleire musikalske innslag, urpremiere på litteraturfilmen *ISBERG* med ny musikk skriven av Karl Seglem. Filmpremieren blei framført som live konsertversjon med full musikalsk

besetning og tekstformidling. I tillegg til etablerte musikarar som Karl Seglem og Lars Jakob Rudjord var også lokale musikarar, samt Tyssedalkoret på scena denne kvelden. Anne Oterholm, leiar av Fagutval for litteratur heldt festtale og Laila Stien og Fredrik Hagen las egne dikt. Vidar Våde heldt eit kåseri om arbeidardiktaren Olaves Steinpokker og vart sjølv mottakar av JERNROSA ÆRESPRIS for 2017 for sitt litteære og kulturhistoriske engasjement.

Eit mål for årets JERNROSA var å løfta fram uetablerte litterære stemmer, samt å setta fokus på temaet barnefattigdom/fattigdom i eit rikt samfunn. Det første vart realisert gjennom debutantarrangementet *Open mic/Nye Odda-stemmer* med 8 nye litterære stemmer. Det siste gjennom urpremiere på lydproduksjonen *Alle har så mye*, samt forfattarsamtale mellom Birgit Alm og Kari Saanum om romanen *Endelig skal vi le* som bae tar opp denne tematikken.

Av øvrige arrangement vil eg trekka fram samtalen mellom Håvard Syvertsen og kampanjeleiar i Redd Barna, Ane Aamodt, om Syvertsen si siste bok *Et uoverskuelig mørke*, som dreg flyktningetematikken nærmare vårt land.

Eit særleg fokus for JERNROSA er å synleggjera og formidla politisk litteratur og spesielt det ein kan kalla arbeidarlitteratur. Dette vart gjort m.a. gjennom Bjørn Ivar Fyksen sitt foredrag om *Den politiske Prøysen*, ein stor paneldebatt om *Politisk litteratur i dag?*, kåseri om arbeidardiktaren Olaves Steinpokker, kabaret om revykunstnaren og visediktaren Gudrun Læg Reid, samt Anne Oterholm si formidling av poeten Leslie Kaplan sin forfattarskap. Og sjølv sagt ved Laila Stien sine to bidrag.

JERNROSA Politisk Litteratufestival (JPL) må slik sett seiast å ha innhaldsmessig innfridd målsettingane sine om å fremma ikkje-kommersiell meiningslitteratur av høg kunstnarleg kvalitet og å styrka mangfaldet og breidda i norsk litteraturformidling og løfta fram forfattarskap som får liten plass i norsk litterær offentlegheit.

Eit anna siktemål med JPL har vore å utvikla nye arenaer for formidling, dette vart i år m.a. realisert gjennom å ta i bruk Oddasmio som arena for årets avslutningskonsert med bandet Tubal Cain, der kunstsmeden Tobbe Malm har ei berande rolle. Tilbakemeldingane frå dei medverkande forfattarane har vore unisont positive, både til initiativet JPL, måten festivalen vart arrangert og gjennomført på, samt bruken av dei utradisjonelle arenaene inne på Odda Smelteverk. Dette var med på å forsterka og skapa ei heilt særeigen stemning under festivalen. Festivalinitiativet fekk også svært gode tilbakemeldingar frå publikum, både på innhaldet i festivalen og bruken av smelteverksområdet som arena for litterær formidling. Slik sett, har dette vore ein vellukka festival som har realisert sine målsettingar.

Om ein skal trekka fram noe negativt, så må det vera at festivalen ikkje lukkast fullt ut med å nå fram i media og å nå dei publikumstala som ein hadde håpa på.

I kontakt med riksmedia og regionale media har det vist seg vanskeleg å skapa interesse for ein ny litteraturfestival, også om det er ein festival som skil seg frå andre festivalar i programmering og i form av sitt litterære manifest. Mens fjorårets festival klarte å få omtale både i lokale og nasjonale media, var det i år nærast umulig å få gjennomslag i høve nasjonale media. Festivalen fekk brei omtale i Hardanger Folkeblad og i Radio Folgefonn, men nådde elles berre fram i høve LO Aktuelt og Fri fagbevegelse.

Festivalens best besøkte arrangement var *JERNROSA FESTKVELD* med 60 publikummarar, 43 betalande og 17 med gratis festivalpass). Gratisarrangementet *Smelteverket rundt på 100 minutt* var det nest best besøkte programmet med 50 publikummarar. Det tredje best besøkte betalingsprogrammet var kabareten *Husker du Gudrun?* med 20 betalande publikummarar og 10 med gratis festivalpass. Det minst besøkte arrangementet var paneldebatten *Politisk Litteratur i dag?* med 6 selde billetter. Her var det i tillegg 7 publikummarar med gratis festivalpass. I dei andre betalingsarrangementa varierte publikum mellom 15 og 30 publikummarar. Det vart seld få enkeltbilletter til desse arrangementa då dei fleste publikummarane her anten hadde kjøpt festivalpass eller hadde frie festivalpass som medverkande forfattarar og frivillige. Det vart totalt seld 7 festivalpass og 99 enkeltbilletter, ein svak oppgang frå fjorårets festival. Det vart gitt ut 46 gratis festivalpass til medverkande

kunstnarar og frivillige medhjelparar. Det totale publikumstalet for festivalen er 390 publikummarar fordelt på 15 arrangement.

I marknadsføringa av festivalen vart det satsa på å utvikla ein profesjonell og velfungerande logo som vil skapa gjenkjenning for framtidige festivalar, ei eiga nettside for festivalen, [www.jernrosa.no](http://www.jernrosa.no), som også kan byggast vidare på i framtida. Dette vart vidareutvikla til årets festival. For første gong hadde festivalen også økonomi til utarbeiding av profesjonelt designa program og plakatar, samt annonsering. Det vart trykt opp 100 plakatar som blei distribuert/hengt opp i Odda, i biblioteka i Hardanger, på lokale og regionale plakatplassar, samt på Litteraturhuset i Bergen. Det vart også trykt opp 1.000 program som blei distribuert i Odda og Indre Hardanger. Festivalen fekk også trykt 2 heilsides annonser i Hardanger Folkeblad. Den eine annonsa vart fulldistribuert til alle husstandar i Indre Hardanger, samt i hytteområda i Odda Kommune. For å begrensa kostnadane til annonsering satsa festivalen hardt på informasjonsformidling gjennom sosiale media som Facebook og kommunale, lokale, regionale og nasjonale nettsider.

Ein konklusjon må vera at den auka innsatsen på annonsering og profesjonalisering av plakatar og program i liten grad har lukkast i å trekka eit nytt publikum til festivalen. Sjølv om det totale publikumstalet har gått noe opp, frå 310 i 2016 til 390 i 2017, og billettsalet marginalt opp frå 2016, har publikumstalet på enkeltarrangementa gått noe ned ettersom det i 2017 blei arrangert 15 arrangement mot 10 i 2016.

Ei mulig forklaring på at festivalen i 2017 ikkje fekk uttelling for det auka programtilbodet og den auka innsatsen på marknadsføring, kan vera at ein ikkje klarte å trenga igjennom i høve den massive mobiliseringa på kampen for lokalsjukehuset i Odda på 1.mai i år der nærmare 5.000 oddingar og hardingar møtte opp i Odda for å demonstrera til støtte for Odda Sjukehus. Dette er den største politiske demonstrasjonen som har vore i Odda gjennom alle tider, og det var denne oddingane og hardingane hadde fokus på i slutten av april. Eit anna forhold som truleg slo inn er, rett og slett veret. I dagane før festivalen var det kuldeperioden med snø og sludd i Hardanger, men festivalhelga slo våren og sommaren igjennom med sol og varme. Publikum prioriterte truleg hyttelivet og friluftslivet framfor litteraturfestival på dei aller

første fine vårdagane, men møtte fram til den viktige politiske demonstrasjonen dagen etter at festivalen var over.

## KOMMENTARAR KNYTT TIL BUDSJETT OG REKNESKAP

Som det framgår av den vedlagte rekneskapan for Jernrosa Politisk Litteraturfestival 2017, er dei endelege kostnadane ved gjennomføring av festivalen betydeleg redusert i høve til opprinneleg budsjett. Årsaka til dette er grunna i følgjande forhold:

1. Eg forstod i løpet av april 2017 at festivalen ikkje kom til verken å få offentlege tilskott i den storleiken som det var søkt om eller billettinntekter på det nivået det opprinneleg var budsjettert med.
2. Eventuelle tilskott frå Norsk Kulturråd og Hordaland Fylkeskommune ville først bli behandla etter at festivalen var arrangert.
3. Eg, Lars Ove Seljestad, ville personleg stå økonomisk ansvarleg for eit eventuelt underskott på arrangementet dersom billettinntekter og dei omsøkte løyvingane frå Norsk Kulturråd og Hordaland Fylkeskommune ikkje slo til.
4. Som festivalleiar tok eg difor initiativ for å kutta mest mulig utgifter, utan at dette skulle gå ut over festivalens profil og innhald. Eg valde, i lys av den økonomiske situasjonen, å kutta ut festivalutstilling og utsmykking av festivallokale, samt har utsett etablering av programråd for festivalen. Det sterkaste kuttet har eg likevel tatt sjølv ettersom det var budsjettert med 150.000 kr til festivalleiar og programutvikling. Denne posten har eg redusert med 50% til 100.000kr. Det eg prioriterte å gjennomføra var dei litterære arrangementa, samt JERNROSA FESTKVELD og avslutningskonserten, totalt 15 arrangement over 3 dagar. Eg prioriterte vidare dekking av Forfattarhonorar (etter Forfattersentrum sine satsar), honorar til musikarar, samt overnatting, reise og matsservering (og diett) til dei medverkande forfattarane og musikarane. Andre prioritetar var utarbeiding av profesjonelt utforma plakatar, program og vidareutvikling av nettside for festivalen, samt annonsering. Dette også for å leggja eit grunnlag for materiale som kan brukast under framtidige festivalars profileringsarbeid.

5. Eg har ikkje tatt inn i denne rekneskapen eigeninnsatsen som er gjort i form av dugnad og ubetalt utviklingsarbeid. Eg har personleg lagt ned over 300 timars arbeid i utvikling, planlegging, gjennomføring, festivalleieing og administrativt arbeid i form av søknadskrivning, rapportering, utbetalingar til meverkande kunstnarar etc, samt rekneskapsarbeid. Om vi legg til grunn timesatsen på 500 kr frå det opprinnelege budsjettet ville dette åleine utgjera 150.000 kr i eigeninnsats. I tillegg kjem 10 frivillige som utførte 10 dugnadstimar kvar under sjølve festivalen. Med ein timesats på 200 kr (som brukt i budsjettet) ville dette utgjera 20.000 kr. Det er med andre ord utført dugnad og eigeninnsats på 70.000 kr som ikkje er synleggjort i denne rekneskapen.
6. Eg har valt å betala ut alle utgifter knytt til medverkande forfattarar, musikarar og gjennomføringa av festivalen før eg betaler ut kostnadane knytt til festivalleieing og administrative kostnader. I det opprinnelege budsjettet er det budsjettert med 150.000 kr til festivalleieing og 30.000 kr til administrative tenester, totalt 180.000 kr. Eg har, som tidlegare nemnt, redusert honoraret til festivalleieing med 50% til 100.000 kr. Når alle andre utgifter (utanom administrative kostnader) er dekkja, står det igjen 16.178 kr. Eg betaler difor ut 16.178 kr for administrativt arbeid med rapportskrivning, rekneskap, samt utbetaling av rekningar og utlegg i samband med avviklinga av festivalen. Rekneskapen balanserer såleis inntekter og utgifter.

## KONKLUSJON:

Inntektssida ved ein slik smal litteraturfestival er ei utfordring. Utan offentleg støtte frå sentrale aktørar som Norsk Kulturråd og Fritt Ord, samt lokale og regionale aktørar, og ein stor, ubetalt, frivillig innsats, vil det, i framtida, ikkje vera mulig å arrangera ein slik smal, kvalitetsorientert festival for meiningsberande politisk litteratur.

Den andre JERNROSA Politisk Litteraturfestival var ein innhaldsmessig og kunstnarleg suksess. Både dei medverkande forfattarane og det deltakande publikummet har kome med utallige tilbakemeldingar om at dette er ein type litteraturfestival som har vore sakna og som fyller eit hol i den norske festivalveven. Likeeins har både publikum og medverkande forfattarar gitt utrykk for at dette er ein festival som litteratur-Norge treng og som må

arrangerast fleire gonger. Nye nasjonale, regionale og lokale samarbeidspartnarar har også engasjert seg for å vera med og bidra til realiseringa av JERNROSA Politisk Litteraturfestival.

Eiksmarka den 9. november 2017

Lars Ove Seljestad

Festivalleiar